

VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

Att:

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
Sak/dok.:	06/01641-242	04.01.2022
Ark.:	326.12	

## Gjenopptaking av namnesak 2022/11 – Åsbogdalen/Åsbokdalen/Åsbekkdalen i Vinje kommune

I samband med ein førespurnad frå både Rauland Historielag og Vinje kommune har Kartverket teke avgjerd om å ta opp at namnesak for Åsbogdalen/Åsbokdalen/Åsbekkdalen, jf. e-post datert 16.12.2021. Saka tas opp igjen i medhald av § 12 i forskrift om stadnamn, da det har kome inn nye opplysningar om at den riktige skrivemåten er Åsbekkdalen. Saka vert gjenopna for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk.

Då Kartverket gjorde vedtak om Åsbogdalen i brev datert 11.11.2020 skrev me samstundes at «Når det gjeld primærnamnet i denne saka, Åsbok/Åsbog, er dette namnet på ein tidlegare støl i Rauland. I arkivkortet i heradsregisteret kjem det fram opplysningar om at Åsbog har vore ein opphavelig støl utan sel. Det er samstundes visst til arkivkortet for Åsbokstulen. Me finn ikkje namnet i kartet og det er heller ikkje registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR). Det er ikkje tvil om at primærnamnet i saka er det opphavlege stølsnamnet Åsbog.» Viss det finst informasjon om plassering av namnet på stølen i denne saka, bed me om at denne vart opplyst i høyningsrunden slik at med får registrert namnet i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. I tillegg til primærnamna tek me avleidde namn med i saka, jf. § 8 siste ledd i forskrift om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn med variantar av skrivemåtar:

- Åsbog / Åsbok / Åsbekk (seter/støl)
- Åsbogdalen / Åsbokdalen / Åsbekkdalen (dal)
- Åsboktjønni / Åsbogtjørn / Åsboktjørni (tjern)
- Åsbogdalen (adressenamn) – kommunen er vedtaksmynde

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: [www.norgeskart.no/ssr/](http://www.norgeskart.no/ssr/).

### Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn og seternamn. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigrarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknyting til.

 [www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

### **Normeringsprinsipp**

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor setja på vent eventuelt pågående saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

### **Vidare saksgang**

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo* ([post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)), med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnafaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Jon Arne Trollvik  
fylkeskartsjef

Linn Winnæss-Karlsen  
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenker:      [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi            Toril Nicolaisen  
                Jon Arne Trollvik, LD - FKK Skien (LK2SKI)  
                Maria Ellingsen, LD - FKK Kristiansand (LK2KRI)  
                SPRÅKRÅDET